



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 19/2216-1

## **Trivselshagen IKS - Forvaltningsrevisjon - bestilling**

### **Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Bestilling av forvaltningsrevisjon av Trivselshagen IKS vert godkjent med dei innspel som kjem fram i møtet
2. Bestillinga vert oversendt Deloitte AS

### **Vedlegg:**

- Bestilling av forvaltningsrevisjon av Trivselshagen IKS

### **Andre relevante dokument i saka:**

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Kontrollutvalet hadde møte på Firda vidaregåande skule 11. februar i år, der utvalet også møtte Trivselshagen IKS. Dagleig leiar og styreleiar orienterte om status for reklamasjonssaka vedr. bassenget. Reklamasjonssaka mot entreprenøren er avslutta etter forlik. Erstatningskrav frå eigarane er ikkje ferdig handsama. Utvalet fekk i tillegg orientering om organisasjonsform og struktur i selskapet, der det vart vist til rapporten frå Vidsyn AS.

Kontrollutvalet ba kontrollsjefen kontaktar SEKOM for eventuell felles selskapskontroll med forvaltningsrevisjon av selskapet.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Kontrollsjefen har hatt kontakt med SEKOM, som er sekretariat for kontrollutvalet i Gloppen kommune. Kontrollutvalet i kommunen har hatt møte der denne saka var diskutert i, og følgjande vart notert under behandlinga:

*Styret i Trivselshagen IKS skal ha gjennomført tiltak innan 15. august 2019. Kontrollutvalet vil ta opp att saka i møte 5. september.*

Fylkesutvalet behandla rapporten frå Vidsyn i møte 6. mars i sak 10/19, der utvalet gjorde slikt vedtak:

1. *Fylkesutvalet viser til vedlagde rapport av 1. desember 2018 frå Vidsyn Rådgivning AS og tek denne til orientering.*
2. *Fylkesutvalet føreset at systemavvik vert retta opp og **tilrådde tiltak i rapporten sett i verk**, herunder at selskapet får på plass eit system som fordeler inntekter og utgifter på ein rettvis måte i samsvar med intensjonen. Styret får frist for å gjennomføre tiltaka i rapporten til 15. august 2019.*
3. *Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen greie ut alternative organisasjonsmodellar, primært knytt til å dele eigarskapen og inngå gjensidige leigeavtalar med kvarandre. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen, i budsjettrapporten pr. 1. tertial 2019, kome med framlegg til finansiering av utgreiingsarbeidet - dersom dette viser seg naudsynt.*

Tiltak 15 i rapporten frå Vidsyn er ei oppmading om at kontrollutvalet skal gjennomføre kontroll av selskapet, noko det vert lagt opp til i denne saka.

I og med at denne kontrollen vil vere i form av ein forvaltningsrevisjon vil det vere naturleg å nytte forvaltningsrevisor. Dette er teke opp med begge revisorane vi brukar og det er greitt at vi vel Deloitte AS til å gjennomføre denne forvaltningsrevisjonen.

### **3. Konklusjon**

Kontrollsjefen har utarbeidd eit bestillingsdokument for bestilling av forvaltningsrevisjon av Trivselshagen IKS. Kontrollutvalet kan vedta å bestille forvaltningsrevisjonen med bakgrunn i vedlagte bestillingsdokument, og eventuelt gje innspel til revisor i høve dokumentet.